



Statsforvaltaren i Vestland  
Njøsavegen 2  
6863 LEIKANGER

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 21/1920 - 21/26749

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:  
21.04.2021

## Vedtak til klagevurdering - gbnr 188/66 og 188/116 Gjervik ytre

**Tiltak:** Mellombels dispensasjon for omlegging av veg  
**Byggjestad:** Gbnr: 188/66  
**Tiltakshavar:** Alver kommune  
**Ansvarleg søkjar:** Statens vegvesen

Saka gjeld søknad om mellombels dispensasjon frå reguleringsplan for omlegging av kommunal veg over gbnr 188/66 og 188/116, gitt i administrativt vedtak datert 18.04.2021.

Søknaden har ikkje vore send på høyring. Statsforvaltaren i Vestland får vedtaket til klagevurdering.

### Planstatus

Tiltaket ligg innanfor reguleringsplanen for Knarvik Sentrum oval rundkøyring, planid 1263 – 201702, der området er sett av til Sentrumsføremål BS 17-1 og føresegningsområde #7 som er mellombels anleggs- og riggområde. Anleggs- og riggområdet kan nyttast til trafikkomlegging, som tilkomst til veganlegget og til lagring av massar, brakkerigg og lager. Etter at anleggsarbeidet er avslutta går arealet tilbake til regulert føremål i eksisterande plan, i dette tilfelle områdeplanen for Knarvik Sentrum, planid 1263-201002. Endeleg plassering av kommunal veg, o\_SKV17, går fram av områdeplanen.

### Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisas søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar Anne Lise Molvik på e-post [anne.lise.molvik@alver.kommune.no](mailto:anne.lise.molvik@alver.kommune.no) eller på telefon 56 37 50 00.

### Regelverk

- Du kan klage på vedtaket med grunnlag i forvaltningslova (fvl) §§ 28-36.

#### Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug  
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

[post@alver.kommune.no](mailto:post@alver.kommune.no)  
[www.alver.kommune.no](http://www.alver.kommune.no)

Kontonummer: 3207 29 30559  
Organisasjonsnummer: 920 290 922

- Klage på vedtaket må vere nytta fullt ut før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, jf. fvl § 27b.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Mellombels dispensasjon frå reguleringsplanen for omlegging av KV1023 - gbnr 188/66 og 188/116  
Gjervik ytre  
Omlagt trase Kvassnesveg.PDF

**Kopi til:**

Alver kommune  
Statens vegvesen

Postboks 4  
Postboks 1010 Nordre Ål

5906  
2605

FREKHAUG  
LILLEHAMMER

**Mottakarar:**

Statsforvaltaren i Vestland

Njøsavegen 2

6863

LEIKANGER